

Tåkedott på Nåso tyder regn

05.08.2013



Dei siste dagane har det vore mykje ståk rundt nedbøren, men har vi noko anna å stole på enn dei moderne vermeldarane? Jau, meiner spesielt eldre folk og viser til korleis tilhøva rundt fjella artar seg.

Vi har hatt kontakt med uskedelingar som bestemt hevdar at ein tåkedott rundt toppen på Nåso tyder regn dagen etter. Vi har ikkje undergitt dette nokon vitskapeleg vurdering, men 87 år gamle Johanna Yri bekreftar at dette var sagt i gamle dagar. Då vart det også sagt, av mellom andre Knut Døssland, at tåkering rundt Nåso tydde fint ver.

Eit anna varsel om regn skal vera når det skin i Englafjell. Solveig Myklebust på Rabben var ein sterk tilhengar av dette varslet, vert det sagt.

Biletet av Nåso over vart teke for ei stund sidan og i dette tilfellet stemte det! Det hølja ned dagen etter.

Har du andre vermerke som du har høyrte om?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen